

Fyrkvinner – bokomtale

På framsida ser vi familien Lillerøvde posere hjå fotografen. Heile familien er samla, kledd i sine finaste klede. I heile 15 år, frå 1914 til 1929, forvalta familien Runde fyr. Familien Lillerøvde er berre ein av mange familiar som er omtala i Eli Ellingsve si nye bok *Fyrkvinner. Kvinnenes liv på norske fyrstasjoner gjennom 300 år*.

Frode Pilskog

Det er lett å sjå for seg fyrlivet som ein eller to einsame menn på ein isolert fyrstasjon. Slik var det ikkje. Kvinnene var til stades og deltok i alle delar av arbeidet så lenge fyra var be-
manna. Innsatsen som kvinner og born la ned i drifta av fyra har fått lite merksemd. Dette løfter Ellingsve fram.

Over to hundre kvinner frå 123 fyrstasjonar er omtala i boka. Den første kvinnelege fyrvaktaren vi kjenner til er Marjorie Lawrie, som hadde ansvaret for Lindesnes og Markøy fyr frå 1760 til 1782. Då staten tok over fyrdrifta i 1782, var det svingersonen som fekk stillinga som fyrinspektør. Over to hundre år seinare arbeidde Haldis Martinussen som fyrvaktar på Hekkingen og Torsvåg fyr. Trass i at kvinner hadde vore involverte i fyrdrifta i snart tre hundre år, vart ikkje kvinnelege fyrvaktarar alltid godt mottekne. Då Kystverket sende Haldis til Fugløykalven i Troms – ein av dei mest isolerte fyrstasjonane i landet – møtte ho motbør. Ein av dei tilsette varsla arbeidsgjevaren om at kvinner var uønska på staden, for «han var i stand til å skaffe seg kvinnfolk sjølv».


Lurer du på korleis fyrfolket ordna med skulegong, matstell, klede og korleis dei handterte sjukdom og fødselar? Boka tek opp alle desse temaa. Lesaren får òg eit innblikk i fyrlivet under andre verdskrig. Då dampskipet «Hans Leonhardt» gjekk ned i Åramundet i 1944 eksploderte skipet. Det hagla bitar av jarn over Haugsholmen fyr. Alle vindauge og inventar vart skada. Det var tøffe forhold for fyrfamiliane.

Kvinnene stod heller ikkje tilbake når det gjaldt organisering og kamp for betre vilkår. I 1950 danna dei si eiga kvinne-
gruppe for å ivareta rettane til kvinner og born på fyrstasjonane. Fem kvinner frå Storholmen, Alnes, Lepsøyrevet, Runde og Ona vart valde til å etablere laget, leia av Sigrd Slettvåg frå Ona fyr. Dei kjempa for betre rettar, ferie og skulegang for borna.

Eli Ellingsve har bakgrunn som redaktør i *Norsk Ordbok* og som stadnamnkonsulent. Ho har vore tilknytt universiteta i Trondheim, Bergen og Oslo. Som tidlegare leiar i Norsk Fyrhistorisk Foreining har ho gode kontaktar med fyrfolk over heile landet. Stoffet til boka er henta frå ei rekkje kjelder, både artiklar og aviser, men òg gjennom intervju.

Boka gjev eit grundig og levande innblikk i livet på fyra – ikkje berre på Sunnmøre, men over heile landet. Ellingsve syner korleis kvinnene tok del i heile breidda av fyrarbeidet.

Fyrkvinner er ein del av Kystverkmusea si skriftserie *Kystens veivisere*. Boka er til sals hjå Sunnmøre museum, Fiskeri-
museet og Brudavolltunet. Viti har delteke i arbeidet med konservator Frode Pilskog som redaktør.





GAMLEN

2026 | 46. årgang

VIT

Pris 40,-